



# *Etnedal kommune*

*Kulturskulen, Kyrkjevegen 10, Bruflat  
2890 Etnedal*

---

## **REGLAR OG RETNINGSLINER FOR ELEVAR I ETNEDAL KULTURSKULE**

1. Ein søknad om plass i kulturskulen skal vere ein web-søknad. Ein har elevplassen til han blir sagt opp. Utmeldinga skal vera skriftleg pr brev eller e-post til rektor før 1. desember og 1. mai.
2. Det blir sendt faktura på elevavgift pr halvår (som regel i oktober og februar). Om eleven melder seg ut av kulturskulen før utgangen av eit semester og dette ikkje skuldast flytting eller langvarig sjukdom, må eleven likevel betale full semesteravgift.
3. Opptak av elevar blir gjort i samråd med rektor, faglærer og einheitsleiar. Klage på opptak med grunngjeving vil bli behandla.
4. Alle som får undervisning må vere villige til å øve regelmessig og møte førebudd og presis til timane. Undervisninga blir lagt opp etter den enkelte elev, og lengda på timane kan variere etter elevens behov. Det er forventa og eit ynskje at elevane stiller opp på arrangement og konsertar i kulturskulens regi som ein del av undervisningsopplegget.
5. Kulturskulen følgjer skuleruta med 38 veker undervisning. Det er undervisning kvar veke (viss ikkje anna er bestemt som td samspel, teori eller seminar). I så fall vil den faste timen falle bort og elevane får beskjed om dette. Teknisk kulturskulearbeid er lagt opp til "learning by doing" og undervisninga følgjer konsertar og framsyningar knytta til kulturskulen.
6. Fråver skal så snart som mogleg meldast til lærar eller rektor. Skulen gjev ikkje tilbake timar der eleven har avlyst eller ikkje møtt fram. Eleven kan få redusert elevavgift dersom han mistar meir enn to undervisningstimar pr halvår og kulturskulen ikkje klarar å skaffe vikar.
7. Ved stadig fråver utan melding, manglande interesse eller av disiplinære grunnar, kan kulturskulen etter tilråding frå lærar og i samråd med rektor, avslutte undervisningstilbodet. Dei føresette skal vere varsla på førehand, og dei har høve til å klage på avgjerda.
8. Elevane må kjøpe noko undervisningsmateriell sjølve. Kulturskulen har nokre instrument til utleige.
9. Alle påbegynte semester må betalast sjølv om eleven sluttar midt i semesteret.
10. Det er forskjellig elevavgift for enkeltundervisning og gruppeundervisning. Det som kommunestyret har vedteke er gjeldande. Det blir gitt 20% syskjenmoderasjon til syskjen nummer to, tre og fire.